


DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn
Dalstunet, Dalsvegen 105A
6963 Dale i Sunnfjord

Årsrapport 2023

Fjaler sokn



Mål for kyrkja i Fjaler:

At Kristus skal bli kjend, trudd, elska og etterfølgd.



Møte menneska der dei lever; i glede og i sorg.

Framsidebilete: Frå venstre sokneprest Knut Arne Kummeneje, nyvigsla prest Eirik Baug Barsnes, biskop Ragnhild Jepsen og prost Knut Magne Nesse. Foto: Atle Ness

Eirik Baug Barsnes frå Fjaler ordinert til prest i Folkestad bedehuskapell

Eirik Baug Barsnes er historisk. Så vidt vi veit er han den første lokale presten som er ordinert i noverande Fjaler. Eirik vokser opp på Eina på Grytøyra. Sidan barneåra har han hatt lyst til å verte prest. 4. juni i fjor blei draumen oppfylt i bedehuskapellet i Folkestad. Grunnlaget vart lagt på søndagsskulen i det same bedehuskapellet. Han blei ordinert av biskop Ragnhild Jepsen til fest og glede for dei som møtte fram. Ein minnerik dag!

ÅRSRAPPORTEN 2023

Årsrapporten speglar det meste av aktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Kyrkjeverje er «redaktør» saman med kyrkjeselekretæren, men både sokneprest og kantor har skrive om sine ansvarsområde.

Årsrapporten vil vere tilgjengeleg på Fjaler sokn si heimeside: www.fjaler.kyrkja.no, og blir lagt ut i kyrkjene/kapella og kan hentast på kyrkjekontoret.

Gudstenester, der mellom anna kor og barn som deltek i trusopplæringstiltak er involvert, har vore og er framleis Fjaler sokneråd sitt hovudsatsingsområde.

To viktige saker dette året har vore å få tilsett ny kyrkjeverje og få valt nytt sokneråd.

Ny kyrkjeverje vart «endeleg» tilsett etter 3. utlysing.

Kyrkjeverje Irene Fløde, som starta i jobben som Fjaler sin første kyrkjeverje 1. mai 1996, sa opp stillinga frå sommaren 2023.

Soknerådet oppnemnde eit arbeidsutval av leiar, nestleiar og sokneprest, for rekruttering av kyrkjeverje. Første utlysing av kyrkjeverjestillinga var i mars 2023. Stillinga vart «breitt» lyst ut i aviser og på nett. Det var ingen søkerarar, og det same skjedde ved andre utlysing. Då det ved første utlysing ikkje var søkerarar, tilbydde Irene Fløde å fortsetje i stillinga noko lenger enn først tenkt.

Ved tredje utlysing på ettersommaren 2023, var det heldigvis fleire søkerarar. Det vart gjennomført intervju av fire søkerarar, der to var inne til intervju nr 2.

Avtroppande kyrkjeverje var ikkje med i tilsetningsprosessen. Kyrkjeverje i Sunnfjord, Sissel Vartdal hjelpte soknerådet under heile prosessen og vi er takksame for det.

Kristin Kalstad, busett i Guddal, blei tilsett og byrja opplæring 1. november. Formell overtaking av kyrkjeverjerolla var 24. november, og Irene Fløde kunne pensjonere seg med godt samvit.



Tidlegare kyrkjeverje Irene Fløde



Ny kyrkjeverje Kristin Kalstad

Kyrkjevalet 2023

Røystestad og opningstid var likt med kommune- og fylkestingsvalet, men ikkje i same lokalet. Tal røystestader var redusert med to sidan førre val. Straumsnes og Hellevik var kuttat ut. Røystestader var biblioteket i Fjalerhuset (Dingemoen), Flekke skule, Guddal skule og Våge skule.

Førehandsrøysting var på kyrkjekontoret, Straumsnes grendahus, Hellevik (ved butikken), Fjaler sjukeheim og ein ettermiddag på Ljosheim (felles dag for heile landet).

Nytt ved kyrkjevalet var digital førehandsrøysting, noko ganske mange nyttar.

Valoppslutninga til kyrkjeval har gått ned i heile landet, såleis og i Fjaler sokn. Av 1818 over 15 år med røysterett, røysta 304 i soknerådsvalet. Det var 78 som førehandsrøysta, derav 54 digitalt.

Nedgang i valoppslutninga i soknerådsvalet frå 24 % til 17 %.

166 røysta ved bispedømerådsvalet (kyrkjemøtet) 9 %.

Altfor mykje ressursar blir nyttar med så låg valdeltaking, slik at endring vil tvinge seg fram til neste kyrkjeval.

Fjaler sokneråd har sidan samanslåinga av Guddal- og Dale sokneråd i 2004, hatt 8 faste leke medlemer. På slutten av 2022 handsama soknerådet tal medlemer i rådet og gjorde vedtak om reduksjon til 6 faste leke medlemer frå soknerådsvalet i september 2023. Då det er soknemøtet som skal gjere endeleg vedtak, var saka oppe i soknemøte i Dale kyrkje 22.1.2023, der reduksjon av tal faste leke medlemer til 6 vart samroystes godkjent.

I valår har avtroppande sokneråd funksjonstid

- For soknerådssaker til 31. oktober
- For fellesrådssaker til og med 30. november

Fjaler sokneråd, avtroppende råd har 8 faste, leke medlemer, og i tillegg soknepresten som er geistleg representant. Sokneprest: Knut Arne Kummeneje. Personleg vara: prost Knut Magne Nesse.

Når rådet handsamar saker som involverer kommunen, har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskotet, møter ein representant oppnemnd av kommunen.

Kommunal representant: Ole Jakob Nedrebo. Personleg vara: Hjørdis Åsnes

Fjaler sokneråd, avtroppende, leke medlemer

Trude G. Høgseth Felde – leiar, Terje Roald Halsnes - nestleiar, Sølvi Ann Solheim Løkkebø, Vibeke Mandelid, Merete Myromslien, Solveig Nitter, Liv Sandsund og Lena Therese Solheim. Varamedlemer: 1. vara: Christer Yndestad, 2. vara: Bente Synnøve Sæterdalen Solheim.

Soknerådet har berre to varamedlemer, skal vere fem.

I gudstenesta 22. oktober i Dale kyrkje blei det nye soknerådet presentert medan det gamle blei takka for alt arbeidet og innsatsen dei har lagt ned. Fleire medlemmar blir med vidare i det nye soknerådet, som faste eller vara.



Det gamle soknerådet blei takka av. Frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Terje Roald Halsnes, Solveig Nitter, Liv Sandsund, Vibeke Mandelid, Sølvi Ann Solheim Løkkebø, Ole Jakob Nedrebø. Ikkje til stades av dei faste medlemmane: Trude Høgseth Felde, Merete Myromslien, Lena Therese Solheim Valvik.



Det nye soknerådet blei presentert: Frå venstre: Hugo Fretland, Terje Roald Halsnes, Solveig Nitter(vara), Sissel Irene Bringeland, Ole Jakob Nedrebø, Geir Magne Kleppe, Elisabeth Hove Bråtane(vara), Kari Nistad(vara). Ikkje til stades: Trude Høgseth Felde, Lena Therese Solheim Valvik(vara).

Fjaler sokneråd, nytt sokneråd 2023-2027 har 6 faste, leke medlemer.

Faste: Hugo Fretland, Trude G. Høgseth Felde, Terje Roald Halsnes, Sissel Irene Bringeland, Ole Jakob Nedrebø og Kristin Kalstad.

Varamedlemer: 1. Geir Magne Kleppe (Dale), 2. Solveig Nitter, 3. Elisabeth Hove Bråtane, 4. Kari Heier Nistad og 5. Lena Therese Solheim Valvik.

Endring og konstituering

Då Kristin Kalstad vart tilsett som ny kyrkjeverje i Fjaler, måtte ho tre ut av soknerådet. 1. vara-medlem Geir Magne Kleppe (Dale) blei fast medlem, med tilsvarande opprykk av dei andre varamedlemane.

Soknerådet konstituerte seg i møte 31. oktober. Trude G Høgseth Felde og Terje Roald Halsnes, som begge gjekk vidare i det nye soknerådet, vart samrøystes valde (attvalde) til leiar og nestleiar. Det vart bestemt at 1. varamedlem, Solveig Nitter, vert kalla inn og møter fast i soknerådsmøta. Møtedag blir framleis tysdagar kl. 19.15.

Kommunal representant

Kyrkjevalet er samstundes med kommune- og fylkestingsval. Med nytt kommunestyre vart kommunen oppmoda om å velje ny kommunal representant i soknerådet.

Kommunal representant dei neste fire åra er Hjørdis Åsnes frå Sp, er ikkje medlem i kommunestyret. Personleg vara er Marthe Eimind, også frå Sp, er medlem i kommunestyret. Vi hadde sjølv sagt håpa at den kommunale representanten vart oppnemnd frå kommunestyret, sidan den kommunale representanten er eit bindeledd mellom soknerådet og kommunalt organ.

Soknerådsmøte, -saker, representasjon, samlingar, soknemøte mm.

Fjaler sokneråd har hatt 6 møte og handsama 53 saker.

Budsjett, økonomiplan, rekneskap, årsrapport, gudstenesteplan og offertildeling er årlege saker. Saker som gjeld kyrkjer og gravplassar vert nemnt under dei kapitla.

Det var soknemøte i januar der saka var reduksjon tal leke soknerådsmedlemer frå 8 til 6 faste. Bjørgvin fekk ny biskop, Ragnhild Jepsen. 6. juni var alle tilsette i Sunnfjord prosti invitert til Vassenden kyrkesenter for å møte henne og orientere om arbeidet rundt om i prostiet. Frå Fjaler var kantor Mark utfordra til å seie litt om utvikling, og betydninga koret knytt til Guddal kyrkje har for gudstenestelivet der. Sokneprest Knut Arne Kummeneje fortalte om innsatsen han gjer for å inkludere konfirmantane i gudstenester som medliturgar.

Tilsette og andre

Kyrkjeverje: 100% stilling. Etter at Irene Fløde har hatt permisjon i 20% av stillinga for å hjelpe Hyllestad sokn med kyrkjeoppgåver, var ho 1. april tilbake i Fjaler sokn i full stilling, fram til ho blei pensjonist frå 1. desember.

Ny kyrkjeverje, Kristin Kalstad, tilsett frå 1. november.

Kyrkjekretær: 40% stilling. Hildegunn Helleset. Hildegunn er og kyrkjekretær i Askvoll sokn.

Kantor: 100% stilling. Mark Taylor hadde fram til midten av oktober 10 % permisjon for å skjøtte sitt politiske verv i Vestland fylkeskommune.

Kyrkjetenar i Dale kyrkje, Atle Lyngstad Ness og Oddbjørn Bjordal. Etter at Oddbjørn Bjordal ei tid hadde vore kyrkjetenar på einskilde gudstenester, vart han frå sommaren tilsett som kyrkjetenar ved gudstenester, konsertar og vigslar knytt til helg. Atle L Ness er fast kyrkjetenar ved gravferder og stepper inn for Oddbjørn Bjordal ved gudstenester når han ikkje har anledning. A L Ness har òg reinhald av kyrkjekontor og Ljosheim. Førebels lønn på timebasis.

Dale gravplass vart slått av kyrkjeverje Irene Fløde med plentraktor. Oddbjørn Bjordal slo rundt gravminna og kyrkjegardsmurane med grastrimmar (ryddesag).

Kyrkjetenar i Guddal kyrkje og i Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er Anne Brit Mo. Ho har dette året hatt sjukepermisjon.

Ved Guddal kyrkje har pensjonistane Oddrun Yndestad og Reidar Langeland, samt kyrkjeverje Irene Fløde, vore engasjerte ved avvikling av gudstenester og gravferder.

Ved Folkestad bedehuskapell har Våge krins bedehusforeining ved leiar Randi Fretland teke på seg kyrkjetenaransvaret på dugnad. Foreininga mottek tilskot for arbeidet. Foreininga gjorde ein kjempeinnsats ved prestevigslinga av Eirik Baug Barsnes 4. juni, med ansvar for pynting av kapellet og kyrkjekaffien, flotte smørbrød og blautkake.

Gravplassen i Guddal vart slått av Tarjei Guddal, elev på vidaregåande skule.

Tidlegare gravplassarbeidar Reidar Langeland er framleis litt engasjert til diverse på Guddal gravplass.

Til vedlikehald på dei to gravplassane i ytre Fjaler, Hellevik og Folkestad, har soknerådet avtale med Jostein Folkestad. Han er sjølvstendig næringsdrivande.

Prestetenesta

Sokneprest: Knut Arne Kummeneje i 100% stilling.

LIVSRITER

	2019	2020	2021	2022	2023
Dåp	15	14	23	28	14
Konfirmasjon	30	33	27	21	27
Vigsel	3	1	4	3	4
Gravferd / Bisetjing	21	17	35	28	29

Aktivitet i dei ulike kyrkjene – kapella. Tala i parentes er frå 2022

Dåp:

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida.

Det var 11 (21) i Dale kyrkje, 2 (0) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 1 (4) i Folkestad kapell og 0 (3) ved Korssundkrossen.

Konfirmant:

22(13) vart konfirmerte i Dale kyrkje, .1(5) i Guddal kyrkje og 4 (3) i Folkestad kapell.

Vigsel: Det var 3 (1) i Dale kyrkje, 0 (2) i Guddal kyrkje og 01(0) i friluft.



Gravferd/bisetjingar:

Fordelinga var 15 (22) i Dale, 3 (1) i Guddal, 3 (5) i Hellevik, 5(0) i Folkestad og 3(0) på Fjaler sjukeheim

Prestetenesta

Sokneprest: Knut Arne Kummeneje i 100% stilling.

"SAMAN I TRUA, SAMAN I KYRKJA" Trusopplæringa i 2023



Dåpsfase med dåphelsing og babysong

I dåpssamtalen får kyrkja eit første møte med familiane. Til eitt-, to- og treårsdagen for dåpen, sender kyrkja ei helsing til familiane med informasjon om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse – med fokus på ei høgtid per brev.

Babysong. Kyrkja hadde åleine ansvaret for babysong i 2023. Kantor i Askvoll har hatt ansvaret for dette tiltaket. Tidlegare har det vore i samarbeid med kommunen og kulturskulen. Til saman var det 11 born innom, 6 mellom 0 og 1 år, og 5 som var over 1 år. For den yngste gruppa var det ein deltakingsprosent på 40, og for den eldste 23%.

Småbornssong. Hausten 2023 ble det arrangert småbornsong på Ljosheim der kantor i Askvoll har hatt leiinga. Det var fire samlingar for born 1-3 år, og 11 born deltok.

To-, fire-, og seksårssamlingar

I samband med desse tiltaka får borna delt ut bøker i same bokserie. To-åringane hadde ei laurdagssamling i januar. 10 toåringar deltok, 56% av årskullet på 18. 33% i 2022.

Fireåringane hadde ei samling ein laurdag før utdelingsgudsteneste i november. 7 av 15 fireåringar deltok, ein deltakingsprosent på 47 i 2023 mot 80% i 2022.

Seksåringane som har sitt opplegg i september og 14 av 17 deltok der deltakingsprosenten 82 mot 65 % i 2022.

Påskevandring, gudstenesteagentar og Den store forteljinga (minikonfirmantar)

Dette er tiltak for dei som går i 3.-, 4.-, og 5. klasse, der påskevandring er for den yngste gruppa, gudstenesteagentar for dei i midten, og Den store forteljinga for dei eldste. Desse tiltaka går kvart år for dei som soknar til Dale kyrkje, men for Guddal og ytre Fjaler slår vi saman tiltaka for 3.-5. årssteg slik at dei får eitt slikt tiltak i året.

Påskevandring ble gjennomført for dei som sokna til Dale kyrkje, og oppslutnaden var på 62%. Samlinga med Gudstenesteagentane hadde ein oppslutnar på 41%.

Den store forteljinga blei arrangert i januar-februar og hadde ei oppslutnad i 2023 på 22%.

Kirkerottene

Fredag 24. mars hadde **Kirkerottene** framsyning i Dale kyrkje for born i barnehagane.

Kirkerottene er eit teater frå Gjøvik med teaterframsyningar for born.

I planen har vi Kirkerottene som eit tiltak for 5-åringar, og oppslutnaden denne gongen var 60%, men berre femåringar frå Dale tok del.

Middag og misjon

Her inviterer vi 8.- klassingar til eit opplegg om misjon i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap, NMS. Det er fokus på kyrkjelydens misjonsprosjekt som er NMS sitt arbeid i Midtausten.

Tiltaket var planlagt i november, men måtte avlysast på grunn av sjukdom.

Konfirmasjon

Det var mange som slutta seg til kyrklege konfirmasjon i Fjaler. Forutan deltaking i gudstenester og vanlege samvær, er konfirmantane med på ulike aktivitetar, mellom anna konfirmantfestival på Sande, samt at dei deltek på Kirkens Nödhjelp sin innsamlingsaksjon før påske. Det blei gjennomført ein dør-til-dør-aksjon til Kirkens Nödhjelp. Deltakingsprosenten for konfirmasjon var i 2023 93% mot 95% i 2022.

Tiltak etter konfirmantalder

Solidaritetskonsert

Solidaritetskonserten markerer avslutninga på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nödhjelp. Denne konserten er eit samarbeid mellom Kyrkja og Kulturskulen. Nokre gongar er elevar frå United World College med. Blant deltarane her er også ungdom over konfirmantalder. I 2023 blei denne konserten arrangert 28. mars.

Kyrkje-skule/barnehage-samarbeid

I 2023 gjekk alle skule- og barnehagegudstenestene som planlagt.

Det blei elles arrangert eit 4-timars bibelkurs for femte årssteg på skulen i KRLE-faget. Dette kurset heiter «Vandring gjennom Bibelen», og blei gjennomført i januar-februar på Dingemoen skule.

INSTITUSJON og DIAKONI

Institusjon

Det er andakt på Fjaler sjukeheim annankvar tysdag kl. 17, dei fleste med sokneprest og kantor. Prest har også vore på besøk til dei som har ønskt det. Det blei arrangert julemesse på sjukeheimane første søndag i advent med andakt av soknepresten.

Diakoni

Det meste av den kyrkjelege aktiviteten har eit diakonalt preg. Diakoni er «evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.»

Av konkrete årlege tiltak er Kirkens Nødhjelps fasteaksjonen. Til jul deler vi ut blomar til pårørande, busett i kommunen, som har mista eit nært familiemedlem i løpet av året. Dette blei gjennomført som planlagt i 2023.

Gudstenesteliv

Gudsteneste-deltaking står sentralt både i korarbeid, musikkarbeid og trusopplæring.

Til julaftan, lysmesse, konfirmasjon og helgemesse er oppmøtet stort, i tillegg til enkelte gudstenester i trusopplæringa. Ved andre gudstenester kan frammettet variere. Vi er glade for at så mange er positive til kyrkja og kjem når dei blir invitert.

I trusopplæringa møter som oftest familiene opp når barnet deira skal vere med. Det same skjer når kora deltek. Sånn sett er dette arbeidet veldig viktig, og bidreg svært mykje til den auka oppslutninga.

	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>
Gudstenester – totalt i Fjaler, inkludert barnehage- og skulegudstenester	62	63	67

Krossvandring og Lysvandring

I tida før og etter påske har vi to ulike vandringar rundt Dale kyrkje. Kvar av vandringane har 14 stasjonar, kvar med plansjar med bilde og bibeltekst. Den første vandringa er krossvandring som handlar om kva som skjedde i den stille veka i tida frå palmesøndag til påskedag. Den andre vandringa er lysvandring som handlar tida etter Jesu oppstode. Mange set pris på å kunne gå rundt kyrkja, sjå bilete og lese om dette.



Misjonsprosjekt

Fjaler sokn har ein misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og støttar arbeidet deira i Midtausten. Gjennom året blir det gitt takkoffer til misjonsprosjektet i gudstenester. NMS sender ut brev til kyrkjelydane fleire gongar i året, og desse kan du lese i kyrkjebladet. Vil du vite meir om arbeidet, kan du besøke nettsida www.nms.no



GRØN KYRKJELYD

Fjaler sokneråd er sertifisert som grøn kyrkjelyd og har forplikta seg på ulike tiltak innan: Diakoni, undervisning og misjon. Energi, transport og reise. Informasjon og samarbeid. Forankring i kyrkjelyden. Innkjøp, forbruk og avfall. Gudstenesteliv.

Miljøfyrtaarn er Norges mest brukte sertifikat for verksemder som vil dokumentere sin miljøinnsats og vise samfunnsansvar.

Det er viktig at vi alle har fokus på tiltaka vi har forplikta oss på.

Lenke til rapporten fra Fjaler sokn 2023

<https://rapportering.miljofyrtarn.no/stats/161950>

KOR OG KORARBEID v/ kantor Mark Taylor

Kantor Mark Taylor er musikalsk leiar for kora. Cantus og Dale barnekor har sine eigne styre, mens Guddalskoret er fullstendig drifta av Fjaler sokn. Dei ulike kora har sine eigne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten. Sjå heimesida www.fjaler.kyrkja.no

Dale barnekor

Dale barnekor hadde 26 medlemmer i alder 8 til 12 år i 2023, 25 medlemmer i vårsemesteret og 22 medlemmer i haustsemesteret. 7 av desse er gutter. Med alle framføringane og øvingane var barnekoret samla 44 gonger i 2023. I gjennomsnitt var det 17 born på samlingane.

Koret hadde 30 øvingar på Dingemoen skule, song på 8 gudstenester pluss 2 skulegudstenester i Dale kyrkje, heldt 2 konserter på sjukeheimen (vår og jul) og 5 born deltok på Ung Kirkessang Vest sitt vårtreff på Sætervika leirsenter, Samnanger.

Guddalskoret

Koret hadde 8 kvinnelege pensjonistar i 2023. I tillegg song tre ungdomar med oss eit par gonger. Det var 17 øvingar i Guddal kyrkje i 2023. Koret deltok på alle 12 gudstenestene i Guddal og er avgjerande for gudstenesteoppmøte og deltaking for om lag halvparten av desse. Koret er sosialt og ein av dei få fritidsaktivitetane som er igjen i Guddal. Koret medverkar til rikare gudstenesteopplevelingar og fellesskap – og dermed også eit godt diakonalt tiltak.

Blandakoret for vaksne, **Cantus**

Cantus hadde 26 medlemmer i 2023, vaksne fra 19 til 84 år, men berre 18 var aktive ved slutten av året. Koret deltok på 6 gudstenester i Dale kyrkje, samt julekonserten og 3 konserter på sjukeheimen, vår, haust og jul. Cantus song også i gravferda til korsongar og solist Leif Gunnar Igelkjøn, på solidaritetskonserten og med både eigne nummer og i eit felleskor i korkonserten til Ørstakoret med tidlegare dirigent Roar Goksøy Lillebø. Cantus medverka også på 30-årsjubileumskonserten for Christensen-orgelet i Dale kyrkje.

Gudstenester

Vi er glad for at fleire utanom kora stiller med innslag på gudstenester. Dale Musikkorps stiller på høgtidsgudstenesta 1. juledag i Dale kyrkje. Songsolistar som Anne Marte Ospedal Haugen og Ragnhild Högseth Felde har deltatt med song i Dale. I Folkestad har Marthe Eimind, ei vaksensonggruppe og Søstrene Våge sunge. Ein elev og ein lærar frå kulturskulen deltok på song og piano på lysmassa. Tradisjonen tru, spela Jarle Milde trekkspel på pinsedagen. Vi takkar alle.

Samarbeid med lokale musikk-krefter

Solidaritetskonserten med kulturskulen og UWC, Orgeljubileumskonserten med korps, spelemannslaget og band, samt Julekonserten i Dale kyrkje er dei store samarbeidsprosjekta med lokale aktørar.

Konsertar i Fjaler

Dale kyrkje

Tysdag 28. mars: Solidaritetskonsert med Kulturskulen, Marthe Eimind, UWC og Cantus samla 105.

Palmesøndag 2. april: Artisk salmekonsert v/ Ivar Jarle Eliassen (orgel) og Sunniva H. Eliassen (song) samla 55.

Søndag 16. april: Meditasjonskonsert Ro v/ Eline Sundal (cello, song, glass), Mark Taylor (piano og orgel) og Dan Silfwerin (song) samla 31.

Laurdag 3. juni: Korkonsert med Ørstakoret, Cantus og Dekor samla 147, inkludert kora.

Søndag 13. august hadde Jonas Fjeld Duo avslutningskonsert i Fest i Fjaler-helga. Det var selt 273 billettar. Soknerådsmedlemer stilte som medhjelparar og vakter i kyrkja.

Søndag 29. oktober: 30-årsjubileumskonsert for Christensen-orgelet med Mark Taylor og lokale aktørar samla 119, inkludert medverkande (Cantus, korps, spelemannslaget og band).

Laurdag 25. november: Julekonserten Stille Grender med Det Norske Jentekoret, Ungdomskoret Drops og elevar frå 10. trinn v/ Dingemoen skule samla 246, inkludert kora.

Tysdag 19. desember: «Den tradisjonelle julekonserten». Konserten samla 343, inkludert medverkande.

Folkestad kapell har to årlege «Syng med oss», vår (13 til stades) og haust (26 til stades). Desse arrangementa er føreslått gjort om til salmegudstenester i 2024. I tillegg spela Mark Taylor ein kort konsert før høgtidsgudstenesta påskedag (17 til stades).

.....

Kommunikasjon ut

Kyrkjeblad for Fjaler kjem ut 3 gongar i året. I tillegg til staben på kyrkjekontoret, har Atle Lyngstad Ness hjelpt oss med stoff til bladet. Redaktørar er soknepresten og kyrkjesekretæren. Vi er takksame for alle som finn kyrkjebladet interessant og betaler bladpengar som gjer det mogleg for oss å gje det ut.

Fjaler sokn har heimeside/nettside www.kyrkja.no/fjaler og er på Facebook.

Etter at gudstenester nokre år har blitt kunngjort kvar laurdag i ein felles annonse i Firda for heile avisas sitt dekningsområde, er «Det skjer» delvis tilbake i avisas, og vi legg no inn arrangementa sjølv på eit skjema.

Kyrkjesekretær Hildegunn Helleset har hovudansvaret for å få sendt kyrkjebladstoff til trykkeriet, og informasjonen ut på sosiale medium.

Kyrkjekontoret i Dalehuset i Dalstunet. Vi trivst i kontorlokala sentralt i Dale, nær kyrkja. Fleire og fleire nytta nettet ved kontakt, slik at både telefonoppringingar og besøk på kontoret har gått ned år for år. Men vi har prøvt å ha opningstidene som tidlegare, månd – torsd. kl. 9-14 og fredag kl. 9-12.

KYRKJER

Ved begge kyrkjene og begge kapella er det på plass kistekrakkar av plexsiglass som no blir brukt til å setje kista på ved gravferder. Dei erstattar trekrakkane med svart katafalkteppe over.

Dale kyrkje

Etter at termostatstyringa av kyrkja svikta like før jul i fjor (2022) vart ny varmestyring montert i januar. Då vart det samstundes montert fjernstyring av varmen. Varmen blir no styrt med ein app på mobilen.

På slutten av året svikta batteripakken til naudlysa i trappenedgangane, lys under galleriet og våpenhuset. Ny vart bestilt.

Lagerplass til diverse utstyr er det lite av i kyrkja. Soknerådet har difor vedteke å nytte galleriet over dåpssakristiet til lager av diverse musikkutstyr. Galleriet over prestesakristiet har i 25 år vore nytta til lager.

Guddal kyrkje.

Takheller datt ned av og til, slik óg dette året. To gonger måtte vi få på plass ein lift og få lagt nye heller. Spikrane som held hellene er rusta og difor datt dei ned. Det er sett opp sperreband på begge sider av kyrkja der det er fare for at takheller kan treffe bakken. Arbeidet med prosjektet for skifte av tak har starta. Eit firma er engasjert for prosjektering og kontakt med Riksantikvaren, samt utarbeide anbodsdokument. Vi håper å få lov til å skifte frå Hardangerskifer til Altaskifer som er av mykje betre kvalitet. Tanken er å utføre arbeidet i 2025.

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er to kapell eigd av ulike organisasjonar, der soknet er leigetakar.

GRAVPLASSAR (kyrkjegardar), gravplassdrift

Dei fire gravplassane; Dale, Guddal, Hellevik og Folkestad, hadde alle vanleg vedlikehald. Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på vedlikehaldet.

Det vart kjøpt inn to nye benkar til gravplassen i Guddal og ein til Dale. Dei er vedlikehaldsfrie og kan stå ute heile året. Plentraktoren i Dale trøng ein større reparasjon. Sidan den var ein del år gammal, vart den bytta inn i ein ny. Det vart kjøpt inn ei samanleggbar vogn til bruk ved gravferder. Til å setje kista på for flytting frå kyrkja til grava.

Gravminne. Innhogging av nye namn og oppussing av gravminne

Sidan 1998 har vi formidla denne tenesta der soknet får ein liten provisjon som takk for formidlinga. Det er kjærkomne inntekter.

Ny Dale gravplass på Øyra – prosjektet avslutta

Etter at det i 2022 var eit styrkt håp om realisering av gravplassen på Øyra, snudde det i 2023, og no har kommunen vedteke at prosjektet er avslutta. Det blir likevel ikkje gravplass på Øyra.

Kommunestyret gjorde 14.12.2023 i sak 105/23 følgjande samråystes vedtak, likt med

Kommunedirektøren sitt framlegg: «*Prosjekt for gravplass på Øyra (reguleringsplan og prosjektering) vert avslutta då detaljprosjektering viser at det ikkje er mogeleg å bygge gravplass på Øyra i tråd med gjeldande krav og forskrift knytt til flaum og grunnvatn.*»

Formannskapet og Komité for teknisk, miljø og næring hadde før handsaminga i kommunestyret gitt samråystes tilslutnad.

Kommunedirektøren si vurdering til slutt i saksutgreiinga til kommunestyret.

Statsforvaltaren har motsegn til planframlegget og når til at kommunen finn eit anna område som egnar seg betre til gravplass. NVE gir eit sterkt fagleg råd om at ein finn eit anna alternativ og flaumsikker løsing. Prosjekt for gravplass på Øyra (reguleringsplan og prosjektering) vert tilrådd avslutta då detaljprosjektering viser at det ikkje er mogeleg å bygge gravplass på Øyra i tråd med gjeldande krav og forskrift knytt til flaum og grunnvatn. Det må setjast i gang nytt prosjekt for å finne ei anna plassering av ny gravplass i Dale. Det må fyrst gjennomførast ei

kartlegging av aktuelle areal før ein set i gang prosessen med endring av kommunedelplanen for Dale. Vidare vil det krevje utarbeiding av reguleringsplan og detaljprosjektering av gravplassen.

I overskodeleg framtid vil det difor framleis bli ulovleg gravplassdrift på Dale gravplass, med særslig utfordrande forvaltning. Det hastar med å få omregulert gravplassen og få plass eit rektangulært rute-kart å grave etter. Etter omreguleringa vil dei fleste gravene som no synest ledige, ikkje kunne nyttast. Dette fordi det er graver nyare enn fredingstida på 25 år spreidd over alt på felta.

Fjaler sokneråd bad kommunen om midlar til omregulering av Dale gravplass i 2024, men det vart ikkje imøtekome.

Ljosheim – forsamlingshuset i Dale

Ljosheimbasaren var 11. februar. Basaren gav det flotte resultatet på kr 58 121. Marie Skadal, som i ei årrekke har hatt hovudansvaret for basaren og brodert ein «haug» med dukar, loparar og bilde, sa at dette var siste basaren ho tok hovudansvar for. Det var godt synleg på gevinstutvalet på basaren med omsyn til broderte gevinstar. Fjaler sokneråd er takksam for den store innsatsen hennar for Ljosheim. Det blir Ljosheimbasar framover også, men då med mindre handarbeid.

Bruk

Soknet bruker Ljosheim til eigne aktivitetar. Cantus har korøvingane sine fast onsdagskveldane. Der har vore babysong, småbarnsong og bønnemøte, soknerådsmøte og nokre samlingar i samband med kyrkjearalet.

Eritreiske flyktingar har hatt sporadiske møte i småsalen. Storsalen har vore litt utleid til yoga, konfirmasjon og dåpsfestar.

Matsalen har vore brukt til servering av mat til konfirmantane som har samlingane sine i kyrkja. Matsalen var tidlegare ein del brukt til minnestunder. Dette året har det vore tre minnestunder som har vore eit samarbeid mellom Atle Lyngstad Ness og pårørande.

Sidan vi ikkje kan ta på oss å skaffe arbeidshjelp som ønskjer å jobbe dugnad for Ljosheim, blir det framover å leige ut Ljosheim der leidgetakarar ordnar alt sjølve.

Ljosheim har fått utført ein del vedlikehald. Ein bygning frå 60-talet vil alltid ha vedlikehaldsbehov. Dette året vart det lagt nytt belegg i gangen oppe og i trappa ned til kjellaren. Nytt belegg i gangane i kjellaren står att. Steammaskina på kjøkkenet måtte skiftast etter vel 30 år. På kjøkkenet trengst det og fornying og supplering av diverse utstyr.

Nye gardiner vart hengt opp i storsalen og småsalen.

Vi ønskjer meir utleige og håpar at fornyinga som no vert gjort vil vere tiltalande.

Prosjekt på kyrkjer og gravplassar som det må jobbast vidare med å få gjennomført:

Dale kyrkje

- Vindauge – omkitting, byte ut knuste ruter og måling
- Nye brudestolar må på plass fordi dei knallraude som er i kyrkja, passar verken i form eller farge
- Sikkerheitsgitter på røyromnane under benkane
- Slipe og lakke golvet i kyrkjeskipet
- Planleggje påbygg på inngangspartiet, eventuelt ombygging inne. Livslaupsstandard på toalett, dåpsventerom og lagerplass

Guddal kyrkje

- ❖ Automatisk ringeanlegg
- ❖ Lakke golvet
- ❖ Vindauge – omkitting, byte ut knuste ruter og måling

- ❖ Skiferen på kyrkjetaket er av dårlig kvalitet. Dessutan rustar spikrane, slik at heller dett ned og vert knuste. Prosjektet er påbyrja.

Dale gravplass

- ♦ Utvide med ny gravplass
- ♦ Omregulere gravplassen slik at drifta vert lovleg med graving etter «rutenett». Teikne nytt kart over gravplassen der graver som er yngre enn 25 år er nøyaktig plasserte

Guddal gravplass

- ♦ Teikne nytt gravkart i samsvar med nye krav

Hellevik gravplass:

- ♦ Planting

Folkestad gravplass:

- ♦ Plante ved det nye gravfeltet m.m.
- ♦ Vedlikehald av steinmuren rundt delar av gravplassen

FJALER SOKN SIN REKNESKAP 2023

Rekneskapen til Fjaler sokn vert førd av Fjaler kommune og revidert av kommunerevisoren, Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap

Fjaler sokneråd er takksame for godt samarbeid, og for driftstilskot frå kommunen.

Fjaler sokn sin rekneskap har fire tenesteområde: 1. Kyrkjeleg administrasjon, 2. Kyrkjer, 3. Gravplassar og 4. Anna kyrkjeleg verksemd.

Aktivitet under dei tre første tenestene har kommunen finansieringsansvar for.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke* og «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) § 3 *Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar*, 2-3 ledd.

Her i årsrapporten vert det berre ei kort oppsummering av rekneskapen for 2023.

Resultat

Rekneskapen under dei tre første tenestene (1, 2 og 3), der kommunen har finansieringsansvar, har eit meirforbruk på kr 13.251,41

Mva- refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 301.5.177,00-

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under tenesta (4) 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 5.187.303,95

Driftstilskotet frå Fjaler kommune er kr 3.650.400,-. Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter kr 408.243,90. Refusjonar/overføringar kr 437.567,87. Tilskot frå Rettssubjektet Den norske kyrkja kr 251.565,18. Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 384.527,00.

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 5.197.821,64. Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 2.716.245,84. Kjøp av varer og tenester kr 1.886.580,11. Refusjonar/overføringar kr 352.753,77. Tilskot og gåver kr 187.241,92.

Kommunal tenesteyting er tenester til rekneskapsføring, lønsutbetaling og revisjon.

Verdien av kommunal tenesteyting er sett til 55.000 kr, og er ført både som inntekt og utgift. Kommunen er beden om å auke dette beløpet som er alt for lågt og ikkje har vore regulert.

Rekneskapsskjema – Investering. Investeringsrekneskapen går i null.

Kjøp av aksjar og andelar, KLP: kr 8.184,00

Det vart ikkje utført investeringar på kyrkjene og gravplassane i dette året.

Tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd

Kyrkjelydsarbeid, Dåpsopplæring (Trusopplæring med tilskot), Diakoni, Kyrkjemusikk, Kyrkjelydsblad. Ljosheim forsamlingshus vert og ført her.

Aktiviteten under tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd», er soknerådet sine oppgåver etter *Kirkeordning for Den norske kirke § 12. Menighetsrådets oppgaver.* (gjeldande frå 1.1.2021).

Ved *Konfirmantarbeid* er kommunal delfinansiering vidareført.

Inntekter er elles kyrkjeoffer, leigeinntekter, billettinntekter, gåver og bladpenger. Gåver (loddssal) i samband med Ljosheimbasaren i 2023 var kr 58 000. Einskildgåve frå Hovland kvinnelag til barne- og ungdomsarbeid på kr 100 000. Leigeinntekter gjeld Ljosheim. I tillegg mottek soknerådet årleg tilskot frå Kirkerådet til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kirkerådet via Bispedømmerådet.

Tenestene under 04400 Anna kyrkjeleg verksemd blir «nulla ut» før rekneskapsavslutning. Her har alle tenestene kvar sitt bunde fond, og då blir det anten avsetjing til fond, eller bruk av fond. Dette fordi desse tenestene vert haldne utanfor dei tenestene der kommunen har finansieringsansvar.

Bruk av bundne fond kr 38.665,84. Avsett til bundne fond kr 181.388,86. Overføring til investeringsrekneskapen kr 8.184,00.

Årleg vert det teke inn offer i kyrkjene til organisasjonar, og følgjande er overført

Vi ser ein tydeleg auke i bruk av Vipps ved ofring under gudstenestene. Ved vipps blir vi trekt 1,5% i gebyr, og når vi set kontantar inn i banken må vi betale kr 75 pr innskot. Vi samlar difor opp offera og set dei samla i banken når månaden er slutt, slik at størst mogeleg sum går til offermottakarane

	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>
Offer til Lag og organisasjonar	30 273	41 595	49 137	63 336
Offer til Misjonsprosjektet	20 501	22 025	18 428	21 020
Offer til Kirkens Nödhjelp	3 883	6 102	21 145	35 572
Fasteaksjon Kirkens Nödhjelp	Digitalt	Digitalt	16 324	13 180